



Kari og Ingebjørg etter eit renn sist sesong. No ventar først ei inspirerende og utbyterik veke på Ål før dei er klar for ein spennande konkurransesesong.

Uskedalen sine to svært så talentfulle idrettsjenter, Kari Bråttun(16 år) og Ingebjørg Haugland(17 år), er godt i gang med førebuingane til den komande langrennssesongen. Etter sommarsamling i Jotunheimen har dei trent godt med den aktive skigruppa her på heimebane. Nytt og ekstra spennande er treningssamlingane dei har i samarbeid med Vossalangrenn. I morgon reiser dei såleis til Ål i Hallingdal på langrennsleir saman med skilinja på Voss gymnas.

Kari fortel at dei i løpet av hausten har vore på to helgesamlingar i regi av Vossalangrenn. Der får dei trent med dei beste langrennsløparane og skiskytterne i fylket i deira aldersgruppe, og under svært så kyndige og inspirerende trenarar.

Som eit resultat av dette får dei to talentfulle og treningsvillige jentene no ei opplevingsrik veke på Ål, men no er det skilinja ved Voss Gymnas som er ansvarleg for opplegget. Det er elevar frå alle 3 årsklassane der. Dei reiser av garde søndag og kjem heim att fredag.

Blant dei fire dugande lærarane som vert med på samlinga nemner Kari to tidlegare verdsstjerner i langrennsløparen Kristen Skjeldal og skiskytteren Gisle Fenne. Berre namna på desse burde gje god inspirasjon, men like viktig er nok det inspirerende og sosiale fellesskapet med dei andre langrenntalenta på same alder.

Det er svært kjekt at skigruppa har fått fram langrennsløparar i denne aldersgruppa, som hevdar seg så godt på fylkesplan. Ingebjørg og Kari er og svært gode førebilete for alle dei yngre medlemmene i den veldrivne og

aktive skigruppa i Uskedalen. Det skal verta kjekt å følgje med dei når sesongen startar.

- Eg reknar med at første rennet vert på Korlevoll 2.juledag, seier Kari, og vi seier lukke til både med førebuingane og renna som kjem.

Tekst: Thor Inge Døssland

Foto: Ola Matti Mathisen.